



## Nettverk av ressursjukepleiarar i kreftomsorg og lindrande behandling i Helse Førde føretaksområde

Nyhendebrev 16.06.2022

### Kjære ressursjukepleiar og leiar

Våren er ei vakker tid. Ingenting er vakrare, enn fruktblomstring og at det vert grønt i skog og mark. Lange lyse kveldar er noko som vi set stor pris på no i denne tida. Det er ikkje alltid lett å komme seg til sengs når kveldane bør og må nytast i lange drag. Vi vonar at du har glede av våren og kjenner på ny energi og arbeidsglede, og at du gler deg øve det fantastiske som naturen no syner fram i all si prakt. Vi som drifter nettverket i kreftomsorg og lindrande behandling, håpar at du har det bra på din arbeidsstad. Vi håpar på at både du som er ressursjukepleiar, og du som er leiar evnar å sjå kvarandre og å set pris på kvarandre gjennom arbeidsdagen. Dagane på jobb saman med pasientane og deira pårørande kan være krevjande, men dei kan også gje mykje glede. Denne gruppa treng helsepersonell med rett kompetanse og ikkje minst stort fagleg engasjement. I ditt møte med pasienten og pårørande, er du ein nøkkelperson i nettverket som utføre ein viktig jobb. For oss som driftar nettverket er det eit høgdepunkt å møte dykk på lokalgruppesamlingane. Vi ynskjer å sende dykk alle ein stor takk for innsatsen og for engasjementet de syner på samlingane.



**Verdsdagen i lindrande behandling 3. oktober 2022  
på kafe «Havglytt» i Florø.**



### **«Snakk om døden» markering i Florø på kafe «Havglytt».**

Den 3. oktober kl. 18-20 vert det markering av verdsdagen i lindrande behandling. Dette året legg vi markeringa til Florø. Vi har også dette året invitert med Helge Sårheim overlege i Palliativt team og Helene Langeland sjukehusprest på FSS til å svare på spørsmål frå publikum omkring alvorleg sjukdom og død. Det vert kulturinnslag, samt ein kopp kaffi og noko godt attåt.

**Markeringa er eit samarbeid mellom Kreftforeningen, KLB, Kinn kommune og Helse Førde  
Velkomen til ein kveld litt utanom det vanlege.**



## Vi minner igjen om høve til å ta kontakt med Klinisk etikk komité ved Førde sentralsjukehus

### Klinisk etikk komité (KEK) i Helse Førde har opna opp for at også kommunane i Sogn og Fjordane kan gjere seg nytte av KEK.

Vi som driftar nettverket i kreftomsorg og lindrande behandling, vil oppmuntre dykk som er ressursssjukepleiarar til å nytte dette tilbodet, og å spreie informasjon om tilbodet. Eit resultat av at stadig fleire oppgåver vert flytta frå spesialisthelsetjenesta til primærhelsetjenesta, er at tilsette i heimebaserte tenester har fått meir ansvar og større spenn i sine arbeidsoppgåver. Typiske etiske utfordringar er omsynet til autonomi sett opp mot prinsippet om velgjerd, rettferdighet og ikkje skade. Andre utfordringar knyter seg til pasientinformasjon, prioriteringar og samanblanding av roller. Dette kan til dømes gjelde samarbeid mellom pasient/pårørande og helsetenesta, der dette er vanskeleg, eller når helsetenesta har andre planer for behandlinga enn det som pasient/pårørande har.

#### [Senter for medisinsk etikk \(SME\)](#)

KEK blir nytta til å drøfte etiske dilemma som kan oppstå i helsetenesta.

Det er utarbeidd eit mandat, og arbeidet blir regulert frå nasjonalt Senter for Medisinsk etikk, SME. KEK gjev råd til dei som spør etter råd. Den som melder inn ei sak, er med i drøftinga. Det er opp til kommunen om dei vil følgje rådet dei får frå KEK.

Tema til drøfting kan komme både frå legetenesta, institusjon eller heimeteneste. Det fins ikkje noko oppsett for å melde inn saker til KEK. Meldinga går til leiar i KEK, som vurderer om dette er ei aktuell sak å drøfte, og vurderer kva tid dette kan behandlast i utvalet. Utvalet kan også kallast inn i hastesaker.

Helge Sårheim er leiar i KEK, han har telefon 415 18 249 og e-postadresse [helge.sarheim@helse-forde.no](mailto:helge.sarheim@helse-forde.no)

## Lokalgruppesamlingar hausten 2022

### Tema for lokale nettverkssamlingar hausten 2022:

«Førehandssamtalar» ved Nina Hjorth overlege i Palliativt team Helse Bergen  
Digital undervisning.

## «Pakkeforløp hjem» ved Camilla Norstrand Regional medarbeidar i KLB.

Nettverksgruppe Indre Sogn Stad Aurland	06.09.22
Nettverksgruppe Nordfjord Stad Stryn	13.09.22
Nettverksgruppe Sunnfjord og Kinn Stad Kinn	20.09.22
Nettverksgruppe Sunnfjord og Sogn Stad Askvoll	27.09.22

### Kurs og hospitering - søk økonomisk støtte hjå nettverket

Våren 2022 deltok 10 ressursjukepleiarar frå nettverket vårt digitalt på grunnkurs i Palliasjon. Ny sjanse til grunnkurs i Palliasjon er 26.-27.09.22. [Grunnkurs Palliasjon Bergen](#)  
10 personar kan få støtte til kursavgift.

Vi kjem igjen med ei oppfordring når det gjeld hospitering: Alle ressursjukepleiarar vert anbefalt å hospitere innan ein periode på 3 år. Vi håpar du set deg inn i kompetanseplanen som du finn her:

#### [Kompetanseplan](#)

Det er viktig at du som ressursjukepleiar har fokus på og ynskje om å hospitere. Vi veit at det kan være utfordrande i ein travel kvardag. Men vi har tru for at det er lærerikt på fleire felt. Kanskje får du gode råd om lindring du ikkje kjende til, eller at du finne ein anna og meir praktisk måte å jobbe på som du kan ta med tilbake til din arbeidsstad. Vi har alle noko å lære av kvarandre på kvarandre sin arbeidsstad, og det er med å byggjer ned grenser mellom oss.

Det er lettare for arbeidsgjevar om du planlegge fram i tid, og større sjanse for å få til hospitering. Planlegge du no, kan du kanskje klare det før utgangen av 2022?

Det er også laga delavtale mellom kommunane og spesialisthelsetenesta om gjensidig hospitering, avtalen finn du her: [Delavtale om gjensidig hospitering](#)

Du er velkomen til hospitering:

- **Kreftpoliklinikken** i Førde. Ta kontakt med seksjonsleiar kreftpoliklinikk Monika Staberg Sunde [monika.staberg.sunde@helse-forde.no](mailto:monika.staberg.sunde@helse-forde.no)
- **Kreftsengepost** i Førde. Ta kontakt med seksjonsleiar ved kreftsengepost Anne Sæle Barlund [anne.sele.barlund@helse-forde.no](mailto:anne.sele.barlund@helse-forde.no)
- **Hauglandsenteret**. Ta kontakt med leiande sjukepleiar Ellen Eiken. [ellen.eiken@rchr.no](mailto:ellen.eiken@rchr.no)
- **Palliativt team Helse Førde**. Ta kontakt med Vigdis Årdal Sæterlid [vigdis.lillian.ardal.seterlid@helse-forde.no](mailto:vigdis.lillian.ardal.seterlid@helse-forde.no)

Du kan søkje Nettverket om støtte til reise og opphald for å hospitere. Nettverket kan gje støtte til inntil 10 ressursjukepleiarar kommande år.

Send e-post til [marthe.hauge.aase@helse-forde.no](mailto:marthe.hauge.aase@helse-forde.no)

### Informasjon frå fagfeltet

-til deg som likar å få «kunnskapen rett i øyra». Her er litt du kan oppdatere deg på medan du tek deg ein trimtur. Vi deler også litt frå fagfeltet til deg som saknar tips om fagstoff du kan dele med dei andre på jobb.

### "Barn og unge setter dype spor" - Kompetansebroen-Helhjarta

### "Å miste sin elskede"

### Kreftpodden

### "Til minne om Ida" - Kreftkompasset

### **Treng du råd i møte med pasientar som nyttar komplementær og alternativ medisin?**

Veit du at det er eit norsk senter som informerer om komplementær og alternativ behandling?

### NAFKAM

Nasjonalt forskningscenter innen komplementær og alternativ medisin NAFKAM, er eit offentleg informasjonscenter for brukarar av alternativ behandling, helsepersonell og andre som søker informasjon om alternativ behandling.

### Informasjon om klinisk studie

I høve verdsdagen for kliniske studiar har kreftavdelinga ved FSS laga ein liten film om korleis det er å jobbe med kliniske studiar på våre sjukehus!

**Gode tilbud til pasientane som vi møter i vår kvardag.**

### Kurs Montebello senteret



[Røde Kors Haugland rehabilitering](#)



**Vi minner igjen på endring av e-postadresse, navn, telefonnummer osv.:**

Sjekk at ditt navn, navn på leiar, e-post, arbeidsstad og telefonnummer til både deg og leiar er rett registrert i Pallnet [Sjå her:](#)

Hugs å sende rett navn, tittel, e-post og telefonnummer til deg og leiaren din til [Aud Myhre](#) ved KLB.

**Årleg fagdag 01.11.22 Thon Hotel Jølster**

**Tema: «Mot til å møte»- Pårørande og kommunikasjon.**

**Velkommen til Thon Hotel Jølster.**

**Program og påmelding finn du her: Årleg fagdag Thon Hotel Jølster 01.11.22-Påmelding**

**Merk deg datoen og klokkeslett: 20. oktober kl. 18.-19.30**

**Faggruppa for kreftsjukepleie lagar til temakveld på Thon Hotel Jølster.**

**FKS Hordaland og Sogn og Fjordane har slått seg saman til ei gruppe.**

**Gruppa lagar til ei felles samling der «gamle Sogn og Fjordane» har ein plan for å møtast på Skei. Det vil bli fagleg opplegg kl. 18.-19.30 (tema er ikkje klart endå) og noko sosialt blir det etterpå.**

**Meir informasjon kjem etter kvart.**

Per Fugelli sine ord er stadig like aktuelle, og våre ynskje for sommaren din er: Lev livet og ta vare på deg sjølv og dei du er glad i.



Med venleg helsing

Marthe Hauge Aase  
Leiar av driftsgruppa

Camilla Norstrand  
KLE medarbeidar

